



Rosendal var totalt overlegne mot Fotlandsvåg.

Alle dei 3 uskedelingane kom på scoringslista då Rosendal utklassa tabelljumboen Fotlandsvåg med heile 15-1 i 6. divisjon på Rosendal stadion lørdag ettermiddag. Dermed kjempar laget om førsteplassen på tabellen med Trane som dei møter i siste kamp før ferien på bortebane neste helg.

I følgje Arvid Nes var dette den nest største sigeren i Rosendals historie. I den største sigeren var også ein uskedeling sentral, nemleg Ivar B. Arnesen jr.. Han skora heile 13 mål i ein og same kamp. Kampen vann Rosendal med utrulege 34 mål i følge Arvid. Den rekorden vil nok bli ståande ei stund.

Det er ikkje så mykje å skrive om kampen i dag anna enn at Rosendal var totalt overlegne i alle ledd gjennom heile kampen. Dei kunne lett ha vunne med det dobbelte i målprotokollen. Desse var med frå Uskedalen Sondre Myklebust (3 mål), Hermund Døssland (2) og Marius Myklebust (1).

Trenar Håvard Sætrevik fortentar honnør for å ha ført laget opp i toppstriden i divisjonen. Han har fått optimismen tilbake i laget etter at han overtok trenaransvaret midt i forrige sesong. Flott Håvard!



[Håvard Sætre](#) har fått sving på laget etter at han overtok treneransvaret.

Tekst og foto: Ragnvald Myklebust
Nett: Thor Inge Døssland